



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1342 - 16/13245

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

03.10.2016

Oversending av søknad til uttale gbnr 99/4 Våge

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremålet LNF for oppføring av ny bustad og sekundærbustad på eigedomen. Mellom desse bygningane er det planlagt glasstak. Hovudbustaden er delt i to bygg som er knytt saman med eit mindre gangparti. I tillegg er det søkt om anlegg av veg og uthus (foringshus til sau).

Det er søkt om å rive eksisterande bygg (fritidsbustad og uthus).

Det er opplyst at tiltakshaver ynskjer å drive eigedomen med utgangsdrift på sau og skogsdrift (balansekvantum er på ca 160 m³). Driftsopplegget er opplyst til å vere beiting av innmarksareal på ca. 26 da vår/sommar og haust. Vinterfor skal kjøpes inn (35 fvs. sau). Skogen som står på gnr. 99 bnr. 4 er til dels bratt og er ikkje lett å drive. Tiltakshavar har tidlegare opplyst at han skal «ta ut noe skog».

Det ligg føre merknader frå nabo.

Prosjektet er endra fleire gongar sidan søknaden kom inn den 18.04.2016. Melding om manglande vegrett var meddelt søkjar den 18.05.2016. Manglande dokumentasjon på vegrett vart motteken den 11.08.2016. Siste revisjon på vegtraseen er motteke den 24.08.2016 som skal vere i i samsvar med vegretten.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommunedelplanen for Lindåsosane og er avsett til arealføremålet LNF. I området er det i utgangspunktet ikkje tillate å føre opp bygg som ikkje er naudsynt i samband med stadbunden næring. Eigedomens storleik og drift tilseier at det ikkje er trong for våningshus på eigedomen. Ressursgrunnlaget på eigedomen synes å vere relativt lite.

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen då kommunen ikkje finn at tiltaket er i samsvar med arealføremålet LNF. Tiltaket er i strid med punkt 4.2 i føresegnene til kommunedelplanen.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



VURDERING

Plankart i fargar



Flyfoto



Vegtilkomst

Tilkomsten skjer via privat veg. Det er opplyst av nabo gbnr 99/1 at ligg føre ein tinglyst vegrett på 2m. Det går fram av søknaden at vegretten er sikra ved tinglyst erklæring.

Tiltaket krev løyve frå Statens vegvesen vedrørande utvida bruk av eksisterande avkøyrsløye.

Andre tilhøve

Det ligg ikkje føre utslippsløyve, men det er opplyst at det skal søkes om å etablere minireinseanlegg med utslipp til jordbruksgrøft. Vatten skal hentast opp frå borehol.

Arealoversikt

Arealoversikta i innsendt søknad synes ikkje å vere riktig. Innvendig høgde er på opp til 5,325 meter og det skal soleis reknast med bruksareal for imaginære etasjar.

Kommunen er i utgangspunktet ikkje positive til det som er skildra som «bygningsskropp 3», og meiner at eventuelle romfunksjonar i bygningen bør kunne legges til bygningsskropp 1 og 2.

Jordlova

Vi kan ikkje sjå at det ligg ved vedtak om omdisponering av areal etter jordlova.

Frist

Søknaden i sin heilskap ligg ved sendinga til mottakarane.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga (31.10.2016), jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Samsvarserklæring

Følgjebrev

Vedlegg D1 - D4 - Diverse situasjonskart

Vedlegg C1 - C4 - Nabovarsel

Vedlegg B1 - B3 - Søknad om dispensasjon

Vedlegg A1 - A2 - Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Søknad om rammetillatelse - gnr/bnr

Søknad om tillatelse til tiltak

Vedlegg E1 - E4 (eksisterende situasjon)

Vedlegg:

Søknad om rammetillatelse - gnrbnr
Søknad om rammeløyve - gbnr 99/4 Våge (del 2 av 3)
Vedlegg E16 - E23 (nydyrking) - Situasjonsplan og profiler
Vedlegg Q4 - Vedk buplikt
Vedlegg Q5 - Q18 - Kart og søknad om utslepp
Vedlegg Q1 - Q3 - Notat
Vedlegg I1 - I3 - Referat frå førehandskonferansen
Vedlegg G1 - G4 - Gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrettar
Vedlegg F1 - F3 - Omsøkt situasjon
Vedlegg E35 - E42 (privat vei) - Situasjonsplan
Søknad om rammetillatelse - gnrbnr
Søknad om rammeløyve - gbnr 99/4 Våge (del 3 av 3)
Svar på innsigelse
PROTEST PÅ MISVISANDE OG MANGFELFULLT NABOVARSEL FRÅ 99
Tverr dyrking 100-110
Tverr dyrking 140-141
Tverr dyrking 120-130
Situasjonsplan dyrkingsfelt-planering revidert 3.5.16
Tilleggsopplysninger til søknad om rammeløyve - gbnr 99/4 Våge
Epost
Protest på veg - gbnr 99/4 Våge
Erklæring
Opplysninger om tiltakets ytre rammer
Ber om utsetting av vidare saksgang - gbnr 99/4 Våge
Revidert situasjonsplan
Tverrprofil privat veg 30-50
Tverrprofil privat veg 55-65
Tverrprofil privat veg 80-110
Tverrprofil privat veg 120-135
Tverrprofil privat veg 149.8
Tverrprofil privat veg 140-145
Tverrprofil privat veg 70-75
Tverrprofil privat veg 0-25
Lengdeprofil privat veg
Lengdeprofil privat veg side 2
Revidert vegtrasè - gbnr 99/4 Våge
Trong for tilleggsopplysningar - Gbnr 994 Våge
SV 1618966 Trong for tilleggsopplysningar - Gbnr 994 Våge
Tilleggsopplysningar - Gbnr 99/4 Våge
Vegrett
Ny tverr 70-74.5
Ny tverr 50-60
Ny tverr 30-45
Ny tverr 20-27.5
Ny tverr 0-15
Lengdeprofil ny utgave
Situasjonsplan

Vedlegg:

Revidert vegtrasè - gbnr 99/4 Våge

Vedk revidert vegtrase - gbnr 99/4 Våge

Kopi til:

Link Arkitektur AS

Dreggsallmenning 5003
en 10/12

BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

STATENS VEGVESEN

Postboks 7310

Postboks 7900

Postboks 8142

Dep

5020

5020

33

Bergen

BERGEN

OSLO